



NVE

FIRDAKRAFT AS

Bukta

6823 SANDANE

Vår dato: 12.12.2025

Vår ref.: 202506002-8 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

NVE vurderer Insteelvane kraftverk i Bremanger kommune, Vestland fylke som ikkje konsesjonspliktig

NVE vurderer at Firdakraft sine planer om å nytte fallet frå eksisterande inntak og overføringstunnel til å produsere kraft i Insteelvane kraftverk, ikkje vil føre til ulemper eller skadar for allmenne interesser av et slikt omfang at det er konsesjonspliktig etter vassdragsreguleringslova § 3. NVE vil følgje opp planlegging, bygging og drift av anlegget med heimel i vilkår gitt i gjeldande konsesjon.

Bakgrunn

NVE fekk ein førespurnad frå Firdakraft AS, datert 03.03.2025, med oppmoding om konsesjonspliktvrdering for Insteelvane kraftverk. NVE skal på bakgrunn av framlagde opplysningar avgjere om utbygginga medfører skadar eller ulemper for allmenne interesser i ei slik grad at tiltaket må ha konsesjon etter vassdragsreguleringslova § 3.

Eksisterande vasskraftanlegg og konsesjon

Insteelvane/Austre Øksendalselv er i dag overført til Bjørndalsvatn, og vatnet nyttiggjerast i Bjørndalen og Øksenelvane kraftverk. I vedtak av 08.10.2024 vurderte NVE opprusting og utviding av Øksenelvane kraftverk som ikkje konsesjonspliktig etter vassdragsreguleringslova § 3.

Andre reguleringsmagasin omfatta av konsesjonane er Bjørndalsvatn, Isavatn og Dauremålsvatn. Desse overførast til Øksendalsvatn. Insteelva og Kringsjøvatnet vart på 1960-talet overført til Bjørndalsvatn gjennom ein felles overføringstunnel. Isavatn overførast til Bjørndalsvatn via inntak i Kringsjøvatn. Ovanfor Øksendalsvatn ligg Bjørndalen kraftverk (4,95 MW) og Dauremål kraftverk (4,95 MW). Det er ikkje krav om slepp av minstevassføring i vassdraget.

Firdakraft AS, eit heileigd dotterselskap av SFE AS, drifter desse kraftverka med utgangspunkt i følgande konsesjonar:

- Tillatelse til å erverve bruksrett til Vestre Øksendalselva og Sagelva i Davik herred (nåverande Bremanger kommune) i Sogn og Fjordane fylke (nåverande Vestland fylke), og til å foreta regulering og overføring i disse vassdrag (gitt ved kgl.res. av 13.11.1959).
- Tillatelse til å regulere Isavatn og overføre Midtelv og Østre Øksendalselv til Bjørndalsvatn i Vestre Øksendalselv (gitt ved kgl.res. 07.07.1967).




NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

I vedtak av 10.11.2015 vurderte NVE Insteelvane kraftverk, svarande til planane som no ligg føre, til ikkje å vere konsesjonspliktig etter vassressurslova § 8. Kraftverket vart ikkje bygd innan fristen på fem år, og vedtaket er derfor ikkje lenger gyldig.

Tiltaket

Fallet frå inntaket i Insteelva til Store Øksendalsvatn er planlagt utnytta gjennom bygginga av Insteelvane kraftverk. Firdakraft planlegg å etablere ny sperredam (maks høgde 2 m og lengde 70 m) nedstraums inntaket i Insteelva, og oppdemt volum er anslått til ca. 5 500 m³. Eksisterande vassveg vil overføre vatnet frå Insteelva og Kringsjåvatnet mot Bjørndalsvatn. Ny 650 m lang vassveg er planlagt tilkopa eksisterande overføringstunnel aust for dammen ved Bjørndalsvatn. Kraftstasjonen er planlagt like ved anleggsvegen til dagens Bjørndalen kraftstasjon, og tilkomst etablerast frå denne vegen. Det nye kraftverket vil få ein installert effekt på 8,7 MW, og forventa årleg produksjon er 26,5 GWh. Produksjonen i Bjørndalen vil bli redusert som følgje av tiltaket. Den samla kraftproduksjonen i vassdraget er berekna til å auke med 13,1 GWh per år.




Figur 1. Oversikt over planlagt tiltak. Henta ifrå førespurnaden.

Planlagt maksimal slukeevne for det nye kraftverket er 5,8 m³/s. Ved tverrslaget i overføringstunnelen vert det montert eit arrangement for å sleppe vatnet forbi med ein kapasitet på omkring 10 m³/s, for tapping til Bjørndalsvatn når tilsiget til inntaket overskrider kraftverkets slukeevne. Tiltakshavar opplyser om at overskotsmassar frå ny rørgate vil bli nytta ved bygging av veg, og til arrondering av tomt for ny kraftstasjon.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat



Figur 2. Detaljert kart for ny rørgate og kraftstasjon.

TILSIG	Einheit	Hovudalternativ	Kommentar
Nedbørfelt	km ²	16,58	Samla nedbørfelt til Insteelva og Kringsjåvatn (eksisterande inntak)
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	124,5*	
Middelvannføring	m ³ /s	2,06*	
Alminnelig lavvannføring	m ³ /s	0**	
Planlagt minstevannføring, sommer (1/5-30/9)	m ³ /s	0	
Planlagt minstevannføring, vinter (1/10-30/4)	m ³ /s	0	
KRAFTVERK			
Inntak, HRV	moh. (NN2000)	575	
Inntak, LRV	moh. (NN2000)	-	Skal kjørest på fast nivå på inntak.
Inntaksmagasin, volum	m ³	Ca. 5500	Bekkeinntak
Lengde på berørt(e) elvestrekning(er)	m	0	Eksisterande overføringar
Slukeevne, maks	m ³ /s	5,8	
Slukeevne, min	m ³ /s	0,12	
Driftsvannvei, tverrsnitt tunnel	m ²	6	Eksisterande
Driftsvannvei, diameter røyr	mm	Ø1600	
Driftsvannvei, lengde tunnel	m	2835	Eksisterande
Driftsvannvei, lengde røyr	m	650	
Installert effekt, maks	MW	8,7	
Forventet årlig produksjon	GWh	26,5	I ny stasjon
Netto prod.auke	GWh	13,1	

Figur 3. Hoveddata for Insteelvane kraftverk



Figur 4. Bilete viser rørgate og planlagt plassering av ny kraftstasjon. Henta ifrå vedlegget til førespunaden.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Høyring

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at det er behov for kunngjering og brei offentlig høyring. Planen vart send på avgrensa høyring til Bremanger kommune, Gloppen kommune, Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland, med høyringsfrist 02.10.2025.

Høgringspartane sine eigne oppsummeringar er referert der slike ligg føre. Fullstendige fråsegn, inkludert Firdakrafts tilbakemelding på desse, er tilgjengelege via offentlig postjournal og/eller NVEs nettsider: www.nve.no/9618/V. NVE har fått følgjande utsegn:

Bremanger kommune uttaler følgjande i brev til NVE den 07.10.2025:

- 1. Føreset at tiltaket ikkje råkar tursti ved Insteelvane, eller viktig eller sårbart naturmangfald, og elles ivaretek landskap og estetikk på best muleg måte, vurderer vi at det samfunnmessig er positivt og at allmenne interesser ikkje blir vesentleg skadelidande. Kommunen har då ikkje synspunkt på om NVE bør krevje konsesjonsbehandling.*
- 2. Kommunen føreset at vi får dispensasjonssøknad til behandling for alle tiltak som er i strid med kommuneplanen sin arealdel.*
- 3. Kommunen går ut frå at det blir utført fagleg kartlegging av naturmangfald i tiltaksområda ved Insteelvane og kraftverkstomta.*
- 4. Tiltakshavar bør opprette dialog med kommunen om opprusting av vegen gjennom bygda, med sikte på å bidra til trygge trafikkforhold og god bereevne.*

Statsforvaltaren i Vestland uttaler følgjande i brev til NVE den 02.10.2025:

Statsforvaltaren vurderer at eit Insteelvane kraftverk, basert på eksisterande utbygging, ikkje vil føre til ulemper for naturmiljø og friluftsliv i så stor grad at vi vil rå frå å gi konsesjonsfritak.

Vestland fylkeskommune uttaler følgjande i brev til NVE den 01.10.2025:

Vestland fylkeskommune vurderer at tiltaket ikkje kjem i konflikt med kjende kulturminne, men ber om god landskapstilpassing. Vassmiljøet vil bli påverka ved endra vassføring, men endringane er truleg ikkje vesentlege for aurebestandane. Det blir tilrådd prøvefiske etter gjennomføring for å avdekke eventuelle effektar. Tiltaket vil ikkje forverre den allereie dårlege økologiske tilstanden i vassførekomstane, men slepp av minstevassføring kan bidra til betring.

Firdakraft AS kommenterte fråsegna i brev til NVE den 20.10.2025:

Natur, landskap og friluftsliv

Prosjektet legg stor vekt på å ta vare på naturmiljø, landskap og friluftsliv. Ved ei eventuell utbygging vil turstien, som tidlegare, gå nedstraums dammen og ferdsel kan fortsetje som før.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Det har i lengre tid vore ynskje frå ålmenta om betre parkering for turaktivitet i området. I samband med den pågåande bygginga av Øksenelvane kraftverk ynskjer Firdakraft å etablere parkeringsplass ved vegbommen i Gjegnalanden. Ved ei utbygging av Insteelvane kraftverk vil det bli etablert parkeringsplassar på kraftverkstomta.

Arealplan kommune

Det vil bli søkt om dispensasjonar for arealbruk slik at føremålet samsvarar med kommuneplanen sin arealdel.

Hydrologi og minstevassføring

I den nasjonale gjennomgangen av eksisterande vasskraftkonsesjonar (NVE rapport nr. 72/2013) er Øksendalselv gjeve verdien lågare prioritet, basert på overordna nasjonal kost- nytte vurdering. I regional plan for vassforvaltning for Vestland fylke har Insteelva / Austre Øksendalselv (086-36-R) og Midtelva (086-37-R) klassifiseringa mindre strenge miljømål. Bakgrunnen for dette er at eventuelle tiltak for å betre vassmiljøet, til dømes minstevassføring, vil gå vesentleg ut over bruken av vassdraget til samfunnsnyttig kraftproduksjon (dvs. unntak etter vassforskrifta § 10 – uforholdsmessig kostnadskrevende å nå miljømålet). Bygging av Insteelvane kraftverk vil ikkje medføre endra vassføring i disse elvane i forhold til eksisterande tapperegime.

Kartlegging og overvaking

Firdakraft er på generelt grunnlag positive til kartleggingar for å auke kunnskapsgrunnlaget i natur vi har påverknad på. Bjørndalsvatn og Storevatnet/Øksendalsvatn er begge del av vårt frivillige program for overvaking av påverka elvestrekningar og reguleringsmagasin, og vart sist gong prøvefiska i 2019 (Rådgivende Biologer rapport 3183, 2020: Prøvefiske i reguleringsmagasin i Ålfoten, 2019). Firdakraft/SFE ynskjer halde fram med desse undersøkinga, og vil kunne dokumentere før-etter tilstand i forhold til eventuell utbygging.

I høve innspel om kartlegging av påverka areal ved inntak Insteelvane og kraftstasjonstomt, viser vi til tidlegare konsesjonsprosess og vurderingar rundt naturverdiar, samt oppdaterte registreringar og kartlag i Naturbase. Tiltaket vil føre til ei utviding av vassdekt areal ved Insteelvane, men omfanget er redusert til eit minimum av det som krevst for teknisk gjennomføring av prosjektet (3.4 daa). Vi vurderer potensialet for funn av sjeldne eller sårbare artar på desse svært avgrensa areala som låg.

I forbindelse med prosjektet har det blitt gjennomført ein skredvurdering for kraftverkstomta og anleggsområdet.

Anleggstrafikk

Transport og anleggstrafikk vil i hovudsak gå føre seg i prosjektområdet, og vi ser ikkje for oss at prosjektet vil medføre særleg anleggstrafikk i bygda. Firdakraft og SFE har god dialog med grendelag og kommune rundt både veg og andre sider ved våre prosjekt og daglig drift i Ålfoten. Dette vil vi halde fram ved, og vil informere lokalsamfunnet om prosjektet gjennom bygdemøte og media.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

NVE si vurdering

I ei konsesjonspliktvrdering skal NVE vurdera om tiltaket treng konsesjon etter vassdragsreguleringslova § 3. Det krevst konsesjonsbehandling dersom tiltaket kan vera til nemneverdig skade eller ulempe for allmenne interesser i vassdraget, jf. § 3 andre ledd.

NVE skal i dette tilfellet vurdere om dei nye verknadene ved Insteelvane kraftverk vil føre til konsesjonsplikt. Det er nye negative verknader ut over den eksisterande situasjonen som skal vurderast, og det er berre skade eller ulempe, altså negative verknader, som er relevante. Det er verknader i sjølve vassstrengen som skal vurderast.

Kunnskapsgrunnlaget

Kunnskapsgrunnlaget i saka består i hovudsak av forhold Firdakraft AS har beskrive i førespurnaden om konsesjonspliktvrdering, høyringsfråsegn, konsesjonæren sine kommentarar til høyringsfråsegn og NVE sine egne erfaringar. NVE har også gjort egne søk i Artskart og Naturbase den 14.10.2025.

Saman med mottekne høyringsfråsegn, kjend kunnskap og vår eiga erfaring meiner vi kunnskapsgrunnlaget om verknadene av tiltaket er tilfredsstillande for å vurdere konsesjonsplikt, teke i betraktning omfanget og risikoen av tiltaket for skade, jf. naturmangfaldlova § 8.

Hydrologiske verknader

Kraftverket vil nytte vatnet frå eit nedbørsfelt på 16,58 km². Dette inkluderer nedbørsfeltet til både Insteelvane og Isavatn, der sistnemnde har inntak til tilløpstunnelen i Kringsjøvatnet. Årleg tilsig er av tiltakshavar berekna til omkring 65 millionar m³. Det opplysast om at reguleringsmagasinet Isavatn i dag vert tappa ned om vinteren, som oftast tilsvarande årstilsiget.

Ny sperredam aukar vassdekt areal ved inntaket med ca. 3400 m², og oppdemd volum er anslått til ca. 5500 m³. Inntaket i Insteelvaene skal oppgraderast, men plasserast på same stad som i dag. Det er ikkje planlagt minstevassføring vidare frå sperredam og mot elvas naturlege utløp i fjorden. Vassføringa i dette restfeltet vil berre få vatn frå eget lokale tilsig og frå eventuelt overløp over sperredammen. Dette er ei vidareføring av dagens situasjon. Tilsig utover slukeevna til kraftverket (frå 0,12 til 5,8 m³/s) vil bli slept vidare til Bjørndalsvatn. I eit middels år vil det ifølgje førespurnaden vere 13 dagar med vassføring over maksimal slukeevne, og 4 dagar med vassføring under minste slukeevne.

Ved bygging av Insteelvane kraftverk vil produksjonen i Bjørndalen kraftverk bli redusert, men samla sett vil kraftproduksjonen i vassdraget auke med 13,1 GWh per år. Tiltaket legg til rette for mindre overløp frå Bjørndalsvatnet, fordi mindre vatn vil gå via dette magasinet. Tiltakshavar opplyser om at dette vil auke tappekapasiteten til Øksendalsvatnet, og at tiltaket vil gi auka fleksibilitet i Bjørndalen- og Øksenelvane kraftverk. Det er ikkje gjort greie for kor mange færre dagar med overløp endringa vil føre med seg. Elvestrekninga mellom Bjørndalsvatn og Øksendalsvatn er allereie sterkt regulert, vatnet er fraført via Bjørndalen kraftverk, og det er ikkje krav om minstevassføring. Det har ikkje kome høyringsinnspel som peikar mot at verkingane for denne strekninga vil vere særskilt negativ.




NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

NVE finn ikkje at dei hydrologiske endringane er til nemneverdige skade eller ulempe for allmenne interesser i vassdraget.

Landskap

Kraftverket med inntak og sperredam er planlagt plassert i og ved dei tre landskapstypene *tindelandskap med isbre*, *nedskore fjordlandskap* og *nedskore dallandskap i fjellet med vegetasjonsdekke* (Natur i Norge, NiN). Ålfotbreen landskapsvernområde ligg oppstrøms kraftverket, men påverkast ikkje av ei eventuell utbygging. Landskapet er i stor grad allereie påverka av vassdragsutbygging, både gjennom regulering og overføring av vatn, og ved tilhøyrande infrastrukturtiltak (vegar, dammar, kraftstasjonar, kraftlinjer mm.).



Figur 5. Bilete som viser berekna auke i vassdekt areal. Henta ifrå vedlegget til førespurnaden.

Den største verknaden for landskapet vil vere auken i vassdekt areal i samband med ny sperredam. Elvelandskapet ned mot inntaksdammen kjenneteiknast av ei trinnvis nedtrapping mot sjøen, der elva skaper små sjøar på kvart enkelt trinn. Mellom trinna finst fleire mindre fossar, som bidreg til landskapsopplevinga. Vi vurderer at tiltaket i vassdraget ikkje vil påføre verknader i landskapet som er til nemneverdig skade eller ulempe i høve dagens situasjon, som allereie pregast av slike små vasspegel.

Naturmangfald

Det er ikkje gjennomført kartlegging av naturmangfaldet i samband med førespurnaden. NVE har gjort egne søk i Artskart og Naturbase, og det er ikkje registrert raudlista artar eller verdifull natur i dei råka områdene. Fylkeskommunen påpeikar at det er aure i Bjørndalsvatnet, og at tiltaket vil



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

føre med seg endringar i vassføringa til dette vatnet, men at det er lite truleg at aurebestanden vil bli vesentleg påverka som ei følgje av tiltaket. Tiltakshavar viser til sitt eige program for overvaking av påverka elvestrekningar og reguleringsmagasin, og at siste prøvefiske vart gjennomført i 2019. Tiltakshavar opplyser om at dei vil halde fram med desse undersøkingane.

Ein kan ikkje sjå bort frå at det førekjem nedstrøms vandring av aure – som er registrert i alle vassførekomstane – inkludert oppstrøms sperredammen i Insteelvane. Det må samtidig, etter NVE si vurdering, bli rekna som lite sannsynleg at tiltaket vil vere til nemneverdig skade eller ulempe for denne vandringa, ettersom det heller ikkje i dag er krav om minstevassføring nedstraums dammen.

Etter NVE si vurdering er det sannsynleg at elvestrekninga nedstraums sperredammen har tilpassa seg ein situasjon med mindre vatn enn det som var tilfellet før regulering (konsesjon frå 1967), og at nedbør og tilsig frå restfeltet no spelar den viktigaste rolla for samansettinga av arter nedstrøms sperredammen.

NVE meiner at Insteelvane kraftverk ikkje vil føre til nye ulemper for naturmangfaldet i vassdraget.

Naturmangfoldloven

Prinsippa i naturmangfoldlova §§ 8 til 12 skal leggjast til grunn for utøving av offentlig styresmakt, jf. § 7. Over har NVE vurdert at kunnskapsgrunnlaget er tilfredsstillande i denne saka, jf. § 8, og dermed kjem ikkje føre-var-prinsippet i § 9 til bruk.

NVE har vurdert påverkinga av tiltaket på naturmangfaldet, vi kan ikkje sjå at Insteelvane kraftverk vil føre til nye skader eller ulemper for naturmangfaldet i vassdraget. NVE vurderer at den totale belastninga ikkje blir så stor at det vil føre til nemneverdige negative konsekvensar for fisk og anna naturmangfald i vassdraget, jf. naturmangfoldloven § 10. NVE føreset at best tilgjengelege teknikkar blir nytta i detaljplanlegginga og det er konsesjonær som ber utgiftene for å avgrense eller unngå skadar på naturmangfaldet, jf. §§ 11 og 12. Tiltaket er etter vårt syn ikkje i strid med verken forvaltningsmålet for artar eller økosystem, jf. §§ 4 og 5.

Vassforskrifta

Ny aktivitet eller nye inngrep skal vurderast etter vassforskrifta § 12. Utbygginga vil få følgjer for vassførekomsten Insteelva/Austre Øksendalselv (086-36-R). Denne vassførekomsten er sterkt modifisert, og har i dag svært dårleg tilstand. Den viktigaste påverkinga i vassførekomsten er hydrologiske endringar utan minstevassføring som følgje av vasskraft (stor påverkningsgrad). Vassførekomsten Insteelva/Austre Øksendalselv er gjeve mindre strengt miljømål etter vassforskrifta § 10, fordi det vil være uforholdsmessig kostnadskrevjande å nå miljømålet. Miljømålet godt økologisk potensial (GØT) er ikkje realistisk. Etter vår vurdering vil ikkje det planlagde tiltaket endre økologisk potensial i vassførekomsten. Det er dermed ikkje relevant med ei vurdering etter vassforskrifta § 12.

NVE sin konklusjon

Samla sett vurderer vi at det planlagde kraftverket ikkje vil føre til nye ulemper eller skadar for allmenne interesser av eit slikt omfang at det utløyser behov for konsesjon etter vassdragsreguleringslova. Insteelvane kraftverk er ikkje konsesjonspliktig etter



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

vassdragsreguleringslova § 3. Tiltaket kan gjennomførast i medhald av konsesjon gjeve i kgl.res av 07.07.1967.

Vedtaket er gjort med heimel i vassdragsreguleringslova § 4 og delegering til NVE frå Energidepartementet av 29.08.2025.

NVE sin konklusjon føreset at tiltaket blir gjennomført i samsvar med framlagde opplysningar i brev datert 03.03.2025. Dersom planane blir endra, må NVE vurdere konsesjonsplikt på nytt.

Vedtaket har ei gyldigheit på fem år. Dersom byggjearbeida ikkje har starta før det har gått 5 år må saka leggjast fram for NVE for ny vurdering.

Sjølv om tiltaket ikkje er konsesjonspliktig, gjeld dei alminnelege reglane i vassressurslova om vassdrag. NVE viser spesielt til aktsemdsplikta i vassressurslova § 5, som pålegg at vassdragstiltak skal planleggjast og gjennomførast slik at dei er til minst mogleg skade og ulempe for allmenne og private interesser.

NVEs vedtak om konsekvensklasse for dam og trykkrøyr er vedlagt.

Vidare oppfølging

Vedtaket gir ikkje løyve til bygging.

I medhald av vilkåra i gjeldande konsesjon kan NVE følgje opp planlegging, bygging og drift av anlegget. Anleggsarbeid må ikkje setjast i gang før detaljplanen er godkjend av NVE. Tiltakshavar har ansvar for at detaljplanen er i samsvar med kommunal reguleringsplan og/eller arealplan. Dersom nye område skal takast i bruk må tiltakshavar vere førebudd på å gi ei konsekvensvurdering av dette, slik at detaljplanane inneheld dei nødvendige opplysningane. NVEs rettleiarar 4/2018 «Rettleiar til forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga» og NVEs digitale rettleiar «Detaljplan for vassdragstiltak – Miljø og landskap» er tilgjengelege på www.nve.no/energi/tilsyn/miljoetilsyn-vassdragsanlegg/.

Søknad om detaljplan blir send til NVEs miljøtilsyn.

Idriftsetjing av kraftverk skal meldast inn på skjema som finst på:

www.altinn.no/skjemaoversikt/norges-vassdrags-og-energidirektorat-nve/melding-om-idriftsettelse-nye-vannkraftverk-eller-opprustings-og-utvidelsestiltak-i-eksisterende-kraftverk/.

Det gjeld også opprusting og utviding av eksisterande anlegg.

Tiltakshavar må sjølv avklare forholda til dei private interessene som eventuelt blir ramma som følge av tiltaket. NVE vurderer ikkje dei privatrettslege forholda.

Forholdet til andre lovverk

NVE føreset at krav som følgjer av forureiningslova blir etterlevd ved bygginga av Insteelvane kraftverk. Eventuelle uavklarte forhold blir teke opp direkte med Statsforvaltaren i Vestland.

Dersom nye areal blir tekne i bruk må forholdet til kulturminnelova avklarast med Vestland fylkeskommune.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Før utbygginga kan starte må forholdet til energilova vere ordna, jf. lovas § 3-1. Firdakraft AS må anten inngå avtale med områdekonsesjonær om at dei byggjer nettanlegg, eller søkje NVE om eigen anleggskonsesjon.

Andre merknader

NVE har ikkje vurdert om det er ledig nettkapasitet på alle spenningsnivå. Det er tiltakshavars eige ansvar å sørgje for nødvendige avklaringar. Vi tilrår at det blir teke kontakt med lokal områdekonsesjonær for slik avklaring.

Kraftverk med generatoryting over eller lik 100 kVA har registreringsplikt etter skattelovgivinga. All kraft produsert i slike anlegg er også avgiftspliktig. Meir informasjon finst i «Årsrundskriv for avgift på elektrisk kraft», tilgjengeleg på <https://www.skatteetaten.no/rettskilder/type/rundskriv-retningslinjer-og-andre-rettskilder/avgiftsrundskriv/>.

Moglegheit til å klage

Vedtaket kan klagast på, sjå opplysningar om rett til å klage på siste side.

Med helsing

Håkon Berg Sundet
fagleiar

Magnus Elton Veflen
seniorrådgivar

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Vedlegg:

NVE stadfestar konsekvensklassen til vassdragsanlegga

Mottakarliste:

FIRDAKRAFT AS



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Kopimottakarliste:

BREMANGER KOMMUNE

SFE PRODUKSJON AS - BJARTE HAUGE

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Viss vedtaket ikkje har komme fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klaga før fristen går ut. Klaga kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngivinga for vedtaket	Om du har fått eit vedtak utan grunngiving, kan du be NVE om å få ei grunngiving. Du må be om grunngivinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klaga. Om du bruker ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Om du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (EID) som overordna forvaltningsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming av frå di side at klaga ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Om du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket om du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klaga til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket, vil vi sende klagen til ED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sin reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.